



**Det er ikkje alltid kartet stemmer overeins med terrenget - det har så mange fått erfare. Idag galdt det eit knippe oppsittarar på Neset som brått og uvarsla mista vatnet. Skulda låg på eit gammalt kart. Samanhengen var at Dimmelsvik Entreprenør skulle ta opp ei ny grøft i samband med den store restaureringen av eit gammalt tun som vi skreiv om i går. Diverre gjekk vassleidningen eitpar meter lenger sør enn kartet viste og dermed gjekk det gale.**

Heldigvis vart ikkje konsekvensane så store. Røyrleggjar var raskt på pletten og ordna saken. Og dei vasslause kunne sette på middagen nesten utan å verta forseinka.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen